



Valprogram

2023-2027



”Saman for Voss Herad - bygd for alle”

Gode veljar

Det er snart lokalval, og du kan vera med å avgjera kven som skal styra bygda og kva som skal prioriterast dei neste fire åra.

Samarbeid og samhandling vert viktig i åra som kjem. Utfordringane me står overfor er mange, og dei vert best løyst i fellesskap, for fellesskapet. Me skal saman staka ut kursen for vidare utvikling av samfunnet vårt, me skal saman byggja eit samfunn der vossingane, frivilligheita, næringslivet, klimaet og naturen har det godt!

Det siste ti-året har vore prega av ei enorm utvikling. Det raudgrøne samarbeidet har sikra stabil og god styring av Voss herad. Det har vore folketilvekst og stor byggeaktivitet. Nye vidaregåande skular er bygd, barne- og ungdomsskular er blitt rehabilitert og fått nybygg. Det er bygd nye omsorgsbustader og nytt kommunalt institusjonskjøkken. «Knutepunktet» har gjort at me har kunna samla ei rekke offentlege tenester som har gjort det lettare for innbyggjarane. Me har fått Vossabadet og ny gondolbane, og Voss er etablert som eit viktig regionsenter.

Gjennom desse åra har heradet teke ei meir aktiv rolle som støttespelar og tilretteleggjar for nærings- og arbeidsliv, og for idretts- og kulturliv. Me vil styrka denne rolla framover gjennom aktiv dialog med t.d. næringsrådet og grenda-utvala. Gjennom aktive politikarar og ein fagleg dyktig administrasjon – alle dei dyktige tilsette i Voss herad, skal me vera ein pådrivar og medspelar for næringsliv, idretten og kulturlivet sine organisasjonar.

Innbyggjarane og deira velferd står alltid i fokus i politikken vår, og heradet skal til ei kvar tid levera gode kommunale tenester og tilbod innan oppvekst, helse og omsorg. Det skal vera gode vilkår både for dei tilsette og brukarane av tenestene. Det er flest kvardagar. Kvardagen for eldre, barnefamiliar og dei med psykiske og fysiske utfordringar skal vera god i vårt herad.

Dei store utfordringane knytt til klima- og miljøkrisa vil krevja mykje av oss. Her er praktisk oppfølging av «Vossaklima 2030» – kommunedelplanen for klima, klimatilpassing og grøn omstilling, den store oppgåva. Ei oppgåve som berre kan løysast gjennom samarbeid og samhandling. Klimatiltak er også flaumsikring, og heradet må i nært samarbeid med NVE utvikla gode vernetiltak mot flaum og ras.

Me er ein ny generasjon folkevalde som vil ta fatt på desse oppgåvene og utfordringane, med god støtte frå våre parti og gjennom lokaldemokratiske prosessar. Eg er klar, og Voss Arbeidarparti er klar: Klar til å ta Voss herad vidare dei neste fire åra, gjennom samarbeid og samhandling. Korleis, kan du lesa meir om i dette programmet.

Eg ynskjer alle eit godt val!

Benedicte Kragh
Ordførarkandidat



**«Eit sterkare fellesskap
i Voss herad»**

- Dei store oppgåvene løyser me best saman!



Tommy Aarethun, 4. kandidat
Benedicte Kragh, ordførarkandidat

Stein Helge Mandelid, 2. kandidat
Hilde Magnusson, 3. kandidat

Her er 10 av kjernesakene våre

- Sikra nok barnehageplassar til alle som ynskjer det, og ein barnehagestruktur som gjer kvardagen for barnefamiliane lettare, samt auka grunnbemanning i kommunale barnehagar og på småskulesteget.
- Verna grendaskulane ved å seia nei til private skular.
- Følgja opp kvalitetsreforma «Leva heile livet», i tett dialog med innbyggjarar, pårørande, brukarorganisasjonar, Eldrerådet og det frivillige lagslivet.
- Seia ja til flaumvern og ja til vassdragsvern i Vosso-vassdraget. Heradet må i nært samarbeid med NVE utvikla gode vernetiltak mot flaum og ras i heile heradet, og leggja press på statlege styresmakter for å sikra at flaum- og rassikring vert eit nasjonalt ansvar.
- Halda fram arbeidet med å utvikla ein heiltidskultur og gje tilbod til vaksne tilsette om å ta fagbrev.
- Voss herad skal vera aktiv medspelar og tilretteleggjar for nærings- og arbeidsliv, og for idretts- og kulturliv.
- Sikra at heradet er ein pådrivar, tilretteleggjar og bidragsytar til at reiselivet kan utvikla seg i ei berekraftig og klimavenleg retning.
- Utvida tilbodet til Kulturskulen, både når det gjeld undervisning i dei ulike kunststartane, og at tilboda vert gjevne i ulike delar av heradet.
- Arbeida aktivt opp mot sentrale styresmakter for å sikra lønsemd i landbruket, og fremja forståing for korleis eit livskraftig landbruk på avgjerande vis samverkar med andre næringar her på Vestlandet. Voss herad skal ha ein aktiv lokal landbrukspolitikk.
- Ha bustadbygging og tilgjengeleg tomteland i alle delar av Voss herad, og sikra bygging av ulike bustadtypar, slik alle kan koma seg inn på bustadmarknaden. Menneske med nedsett funksjonsevne skal få tilbod om eigen bustad og deltaking i arbeidslivet.

Du kan lesa meir om programmet vårt på dei neste sidene.

Born og unge



Eit alders- venleg samfunn

Gode helse- og omsorgstenester står heilt sentralt i det velferdstilbodet heradet skal tilby innbyggjarane når dei treng det.



Born og unge er framtida vår

4

Foreldre, familie, vener og nærmiljø spelar alle ei avgjerande rolle når born veks opp, for deira trivnad og utvikling. Barnehagar og skular kjem inn som viktige arenaer for læring og sosial samhandling.

Saman med fritidsaktivitetar innan idrett, friluftsliv, musikk og heile spekteret av organiserte og uorganiserte aktivitetar, så utgjer dette oppvekstvilkåra til våre born og ungdomar. Det er vår felles oppgåve å syta for at desse vilkåra er best mogleg.

Det er vår felles oppgåve at dei finn seg til rette og får utvikla seg, i retningar dei sjølv får høve til å velja. Det er vår oppgåve å hjelpe dei som har det vanskeleg, gripa inn når nokon blir mobba eller utestengd frå fellesskapet.

Det er politikken si oppgåve å syta for at alle får ein god og stimulerande oppvekst i Voss herad – i samarbeid med foreldre, organisasjonar og lokalsamfunn.

Voss Arbeidarparti vil:

- Sikra nok barnehageplassar til alle som ynskjer det, og ein barnehagestruktur som gjer kvardagen for barnefamiliane lettare.
- Auka grunnbemanning i kommunale barnehagar og på småskulesteget.
- Oppgradera Skulestad skule og halda fram rehabiliteringa av Vangen skule.
- Verna grendaskulane ved å seia nei til private skular.
- Skulevegning må takast på alvor, og Voss herad skal etablera rutinar for å møte denne utfordringa.
- Styrka samarbeidsordninga «arbeidslivsfag» for å sikra gode overgangar mellom grunnskule, vidaregåande skule og arbeidsliv.
- Arbeida for meir praktisk og variert undervisning, og styrka fag som sløyd, handarbeid og skulekjøkken.
- Gje dei unge tilbod om arbeidstrening gjennom eit nytt «Prosjekt sommarjobb» og realisera «Voss i vekst»-planen.
- Sikra indeksregulering av kommunal støtte til kultur-, idretts- og aktivitetstilbod i heile heradet.

Utforminga av desse tenestene er i stadig endring. Kommuneøkonomien påverkar sjølvstilt nivået og kvaliteten på helse- og omsorgstenestene, men kompetanseheving og organisasjonskultur er òg avgjerande for korleis den kommunale tenesteytinga vert opplevd. Innspel frå og samspel med pårørande og brukarorganisasjonar må inngå i systematisk arbeid med forbetring og utvikling av tenestene.

Dette går til kjernen av det kvalitetsreforma «Leva heile livet» dreier seg om, ei reform som snart skal heita «Bu trygt heime». Reforma skal bidra til å skapa eit

samfunn det er godt å vera og verta eldre i. Visjonen er at innbyggjarane gjennom heile livet skal kunna delta, kunna skapa og bety noko, kunna gje og få god omsorg.

Alle veit kva som skaper gode kvardagar, for dei. Denne kunnskapen og erfaringar om kva tiltak som verkar, må takast i bruk og leggjast til grunn ved utforminga av kommunale tenester og tilbod – i det kontinuerlege arbeidet med å skapa eit aldersvenleg samfunn.

5

Voss Arbeidarparti vil:

- Følgja opp kvalitetsreforma «Leva heile livet», i tett dialog med innbyggjarar, pårørande, brukarorganisasjonar og det frivillige lagslivet.
- Gjennom dialog og samhandling henta inn informasjon om brukarane og dei pårørande sine erfaringar, som grunnlag for forbetring av tenester og tilbod.
- Styrka heimetenestene og tilby tilpassa velferdsteknologi, som til dømes KOMP.
- Sikra vidare drift av kjøkkenet ved Granvin sjukeheim.
- Utvida samarbeidet mellom heradet, NAV og arbeids- og inkluderingsverksemdar for å få etablert fleire tilbod om praksis og arbeidstrening for dei som treng det.
- Sikra brukarmedverknad i alle politiske prosessar gjennom aktiv samhandling med brukarorganisasjonar, Eldrerådet og Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Sikra at fleire eldre kan skaffa seg bustader med livsløpsstandard.
- Støtta frivillige lag og organisasjonar som har aktivitetstilbod til eldre innbyggjarar.

Klima og miljø

Truleg har me ikkje heilt teke inn over oss omfanget av den pågåande miljø- og klimakrisa. FNs klimapanel legg stadig fram urovekkande rapportar.



Behovet for klima-omstilling har aldri vore meir kritisk enn no. Avtalane frå Kyoto og Paris forpliktar, men Norge og andre land strevar med å følgja dei opp.

Voss herad har vedteke ein klimaplan – ein plan for «klima, klimatilpassing og grøn omstilling». Arbeidet med korleis vi skal følgja opp i handling og gje innhald til omgrep som til dømes «arealnøytralitet» – korleis vi skal kunna erstatta areal som vert nedbygd, er i gang. Det same er kartlegging av ulike arealtypar, kva som er verneverdig, osb.

I tillegg pålegg avtalen om sikring av naturmangfald, som vart vedteken i Montreal i fjor, nasjonalstatar og kommunar å leggja til rette for lokale og regionale tiltak for biologisk mangfald. Dette må sjølvstøtt følgjast opp lokalt, og det er ei krevjande oppgåve. Det krev kartlegging og konsekvensutgreiingar, der kunnskap om samanhengar mellom naturtap og klimaendringar må leggjast til grunn.

Vi står overfor tøffe prioriteringar, der ein kritisk gjennomgang av gjeldande kommuneplanar er tvingande naudsynt – i lys av miljø- og klimakrisa vi står overfor. Me skal gjera deg i stand til å ta klimavenlege val!

Voss Arbeidarparti vil:

- Seia ja til flaumvern og ja til vassdragsvern i Vosso-vassdraget. Heradet må i nært samarbeid med NVE utvikla gode vernetiltak mot flaum og ras i heile heradet, og leggja press på statlege styresmakter for å sikra at flaum- og rassikring vert eit nasjonalt ansvar.
- Seia nei til vindturbinar i Vossafjella. Voss herad har løyvd åtte millionar kroner til ENØK-tiltak, og alternativ som modernisering av eksisterande kraftverk, solkraft, mindre energibruk og havvind skal prioriterast.
- Praktisera prinsippet om arealnøytralitet i alle kommuneplanar, og innarbeida kartlegging av biologisk mangfald og klimagassutslepp i planprosessar som omfattar naturinngrep.
- Klimaplanen skal inngå i den overordna kommuneplanen, og klima- og miljøomsyn skal vera ein fast del og vurderingskriterium i alle kommunale utgreiingar.
- Halda fram med å nytta Indre Hordaland Miljøverk aktivt som eit verktøy i arbeidet med klima og miljø, mellom anna ved å etablera eit biogassanlegg i Bjørkemoen.
- Kommunale nybygg skal vera miljømessig berekraftige, og klima- og miljømessige omsyn skal ligga til grunn for heradet si fornying av bil- og maskinpark.

Arbeidsliv og næringsutvikling

Voss herad skal vera ein næringsvenleg kommune.



Eit levande nærings- og arbeidsliv i utvikling sikrar både arbeid og inntekter. Samfunns- og næringsutvikling er ei hovudsatsing i Voss herad. Kontaktforumet mellom herad og næringsliv er etablert, og skal styrkast. Tiltak for å sikra naudsynt fagkompetanse i alle bransjar og sektorar, vert viktig i åra som kjem. Heradet er sjølv ein stor og viktig arbeidsgjevar. Høve til og tilbod om utdanning, vidareutdanning og kompetanseutvikling vert nøkkelord – både for næringsliv og herad.

Voss herad skal vera ein aktiv støttespelar for næringslivet. Næringsavdelinga i heradet har stor fagleg kompetanse innan landbruk og andre næringar. Samvirket og samarbeidet mellom herad og næringane skal utviklast vidare. Voss Arbeidarparti vil at Voss herad skal vera aktiv medspelar og tilretteleggjar for nærings- og arbeidsliv, og for idretts- og kulturliv.

Voss Arbeidarparti vil:

- Halda fram arbeidet med å utvikla ein heiltidskultur og gje tilbod til vaksne tilsette om å ta fagbrev.
- Sikra meir aktiv praktisering av det vedtekne regelverket for ein tydeleg og inkluderande arbeidsgjevarpolitikk.
- Starta eit forsøksprosjekt med redusert arbeidstid med full lønskompensasjon.
- Auka talet på lærlingplassar i kommunal regi, slik at det er minst to lærlingar per 1000 innbyggjar.
- Sikra at det nyskipa næringsrådet og Hardanger og Voss næringshage kan utvikla seg vidare.
- Etablere eit lokalt kompetanseforum som skal identifisera utfordringar, og foreslå løysingar for å rekruttera og halda på kompetanse innan ulike sektorar.
- At Voss i større grad skal kopla seg på og ta aktiv del i fylkeskommunale og regionale prosessar og satsingar der dette er naturleg.
- Følgja opp den nyleg vedtekne strategiske næringsplanen, og sikra at næringslivet har føreseielege rammevilkår. Kraftfondet må innrettast slik at tilskot vert gjeve i tråd med næringsplanen.
- Ta vare på Bømoløypa, friluftsområda, flyplassen og vassressursane i Bømoen, og gje rom for næringsutvikling, men me seier nei til bustadbygging.
- Arbeida aktivt for fleire deltidsutdanningar og på sikt eit heiltids høgskuletilbod, slik at naudsynt kompetanse og kompetanseutvikling kan sikrast i heradet.



Landbruk

Voss er ein av dei største landbrukskommunane i Vestland fylke. Eit livskraftig landbruk er heilt avgjerande for å kunna oppretthalda levande grender i heradet vårt.



Me treng ein politikk der me i framtida går bort i frå dagens sentraliserings- og stordriftspolitik. Landbruket vårt vert ofte drive i kombinasjon med anna næring, og er samstundes avgjerande for utviklinga innan næringar som turisme og reiseliv. Voss herad vil ha ein svært sårbar næringsstruktur utan eit livskraftig landbruk som berebjelke.

Det er blitt ei større forståing for landbrukets heilt sentrale rolle i samfunnet – for matforsyning og busetnad, og for vårt forhold til naturen, miljø og naturforvaltning. Me skal verna om jordressursane. Me må òg ta vare på foredlingsverksemdar innan matproduksjon og skogbruk. Jordbruksoppgjøret i 2022 gav eit visst løft – økonomisk, men ikkje minst i form av anerkjenning av

det viktige arbeidet til bonden. Dette arbeidet må halda fram – bonden må ha ei inntekt som er til å leva av.

Produksjon og omsetjing av kortreist mat og drikke, gardsturisme med overnatting og matserving, utvikling av nye produkt og næringsmiddel, samarbeid med verksemdar for avfallshandtering. Dette er døme på korleis landbruket er i endring og samverkar med andre næringar, og biogass-prosjektet i Bjørkemoen syner korleis slikt samarbeid har positive verknader for klima og miljø.

” Me må skapa framtidstru i landbruket og gje bonden ei inntekt å leva av.

Voss Arbeidarparti vil:

- Arbeida aktivt opp mot sentrale styresmakter for å sikra lønsemd i landbruket, og fremja forståing for korleis eit livskraftig landbruk på avgjerande vis samverkar med andre næringar her på Vestlandet.
- Føra ein lokal landbrukspolitik med støtte til små og store prosjekt, som til dømes støtte til fjerning av piggtråd, plastpresse, mv., og gje økonomisk støtte til arbeidet med eit klimanøytralt landbruk gjennom prosjektet karbonfangst, der jordbetring står sentralt.

- Støtta opp om nye aktørar innan landbruk og næringsmiddel, som til dømes larvefarmen Invertapro og grunnvarme-prosjektet i Bømoen som kan opna for ny grønsakproduksjon.
- Fremja lokale mattradisjonar gjennom auka bruk av lokale råvarer og produkt, der det nye institusjonsskjøkenet på Vetleflaten kan spela ei viktig rolle. Heradet skal bruka lokalprodusert mat ved alle møte og arrangement.
- Legga til rette for produksjon og omsetnad av lokalprodusert mat, mellom anna ved å støtta arbeidet til Reko-ringen og etablera Torget som salsstad, og ein mathall i sentrum.

Reiseliv

”

Voss herad skal vera ein aktiv aktør i reisemålsutviklinga



Reiselivet er ei av dei største næringane i Voss herad og har ein unik posisjon i Vestland som eit av få heilårsreisemål – eit godt utgangspunkt for vidare utvikling

Alle reiselivsaktørane i Voss herad er opptekne av klimautfordringane, og av at reiselivet vårt skal vera verdiskapande, miljøvennleg og godt for reisande og innbyggjarar.

Reiser ein frå Bergen med tog og tar Gondolen opp på Hangursfjellet, kan ein tilnærma Co2-fritt ta ein skitur innover mot Raudekross-hytta, eller setja ned bakkane mot Bavallen. Eit slikt føredøme er noko å strekkja seg etter, og Voss herad deltar i eit pilotprosjekt for å gjera hyttekommunar meir miljøvenlege og berekraftige, saman med Eidfjord, Kvam og Vestland fylke.

Kollektiv transport mellom trafikk-knutepunkt og hyttegrender, destinasjonar og turistattraksjonar vert her eit viktig tiltak.

Voss herad skal vera ein aktiv aktør i reisemålsutviklinga – gjennom tett dialog med næringa skal me vidareutvikla Voss som berekraftig reisemål. Å fremja samvirke mellom reiselivsnæring, landbruk, friluftsliv og kulturliv vil verta endå viktigare framover. Det er berekraftig aktivitetsturisme som er framtida – og her er Voss absolutt i front!

Voss Arbeidarparti vil:

- Sikra at heradet er ein pådrivar, tilretteleggjar og bidragsytar til at reiselivet framleis kan utvikla seg i ei berekraftig og klimavenleg retning.
- Vera ein garantist for kommunal delfinansiering av turistinformasjon.
- Få reiseliv inn på agendaen til Vossdagane, slik at ein har eit forum der vidare utvikling av ei grøn og berekraftig reiselivsnæring kan drøftast.
- Sikra at reiselivsutdanning, og utdanning innan naturforvaltning, friluftsliv og hestehald, vert eit regionalt satsingsområde i den vidaregåande skulen.
- Arbeida for tettare samarbeid på tvers av kommunegrensene for å løfta reiselivet i regionen.
- Ynskja større arrangement velkomen til bygda. Spesielt dei som føregår utanfor høysesong, legg til rette for inkludering og som brukar eksisterande anlegg/hallar.
- Følgja opp tiltak frå reiselivsstrategien, t.d. sikra at arbeidet med besøksforvaltning held fram og at landbruket og reiselivet skapar verdiar for kvarandre.
- Sikra verneverdige natur- og kulturmiljø i heradet, og styrka arbeidet med å ta vare på kulturarven og lokalhistoria vår.

Kultur- og idrettsbygda



Merkevara «Voss» skal marknadsførast. Det er tale om OL- og VM-medaljar, det er musikk- og mattradisjonar. Det er VossaJazz og Ekstremsportveko, det er Voss Cup og handball-cup, me har Osa-festival og forvit-nelege countryfestivalar. Og me har den fantastiske naturen vår å by på. Det er ikkje minst tale om at Voss er ein dynamisk stad – her skjer det ting! Voss er ein stad å slå seg til og trivast – det er ei bygd for gode og sterke opplevingar.

Det gode omdømet til Voss gjer seg ikkje sjølv. Sjølv grunnstammen er det frivillige lagslivet, tradisjonen og dei kulturelle identitetane som blir borte oppe gjennom deira aktivitet, og som gjev grunnlag for

nyskaping, sosial og kulturell utvikling. Det avgjerande er samspelet mellom næringar, organisasjonar, frivillige og kreative eldsjeler – og politisk forståing av korleis dette samspelet og samarbeidet fungerer.


Dette skal me byggja vidare på i åra som kjem. Me skal ta vare på våre tradisjonar og kulturelle identitet, og det skal me gjera gjennom møte med nye impulsar og kulturuttrykk som kan inspirera og løfta oss. I Voss har me både røter og vengjer!

Voss Arbeidarparti vil:

- Utvida tilbodet til Kulturskulen, både når det gjeld undervisning i dei ulike kunststartane, og at tilboda vert gjevne i ulike delar av heradet.
- Ha tett dialog med Kultur-, Idretts- og Ungdoms-rådet, med grendalag og andre aktørar, om korleis heradet kan støtta opp om deira aktivitetar.
- Ha opne og gratis skular for lag og organisasjonar, og sikra at kommunale tilskot til lagslivet vert prisjustert.
- Sikre at frivilligheita har gode og føreseielege rammer.
- Fullføra siste byggetrinnet i rehabiliteringa av Gamlekinoen.
- Fremja bruk av god nynorsk språkbruk i heradet, i skuleverk og kommunal administrasjon.

Bustadreising og levande lokalmiljø

Heradet skal ha ei aktiv rolle i bustadpolitikken og i samfunnsutviklinga. Noko av det viktigaste i livet er å kunna skaffa seg eigen bustad til overkomeleg pris.



Det er avgjerande viktig at unge og barnefamiliar kjem seg inn på bustadmarknaden. Derfor må det vera regulert tomteland i alle delar av heradet, og takten i bustadbygginga må haldast oppe.

Det må vera variasjon i bustadtypar, slik at det vert lettare for førstegongsetablerarar å koma inn på marknaden. Heradet vil stilla krav til utbyggjarar om slik variasjon. Gjennom bustadsosial handlingsplan, god rettleiing og økonomisk støtte skal alle kunna skaffa seg ein eigen heim.

Voss herad opplever folketalsvekst. Mange vil bu og etablere seg her. Dette er gledeleg, og naudsynt for å halda oppe viktige tenester og tilbod i alle delar av heradet.

Bustadpolitikken skal leggja til rette for levande grender og lokalmiljø. Ein oppdatert sentrumsplan skal leggja til rette for naudsynt modernisering av bygningar, og utvikling av uteareal og eit sentrums-miljø der folk ferdast og trivest.

Voss Arbeidarparti vil:

- Ha bustadbygging og tilgjengeleg tomteland i alle delar av Voss herad.
- Sikra variasjon i bustadtypar, og etablere ordningar der ein kan gå «frå leige til eige».
- Slutføra planarbeidet for bustadbygging i Tvildemoen, og arbeida for å frigjera Vasslia og Ra-berget for bustadføremål.
- Styrka Vangen som attraktivt buområde, levande handelsstad og møteplass gjennom den nye sentrumsplanen.
- Ta vare på grøntareal i sentrumsområda og i bustadfelt, og satsa på fortetting der det er mog-leg, utan at det går ut over eigenarten til buområda.

Gode kommunikasjonar og kollektiv transport



12

Det å kunna ferdast trygt er grunnleggjande for alle. Ny veg og jernbanetrasé mellom Voss og Bergen, planlagt som ei fellessatsing – det såkalla K5-konseptet, er den store politiske oppgåva å få realisert. Dette dreier seg om å setja liv og helse først. Transport på jernbane er miljøvenleg. Kortare reisetid mellom Voss og Bergen vil også utvida arbeidsmarknaden, for dei som vil pendla ut eller inn av Voss herad. Realisering av K5 og opprusting av E16 fram til sognegrensa er viktig for vidare utvikling i Voss og indre Vestland.

Vestland fylke har ansvar for utbygging og vedlikehald av fylkesvegar. Det må arbeidast tverrpolitisk for at heradet skal nå fram med sine prosjekt og prioriteringar her, til dømes Raundalsvegen og Hamlagrøvegen. Opprusting og vedlikehald av kommunale vegar må halda fram etter oppsett prioriteringsliste. Trafikksikringsplanen må rullerast og utvidast til å gjelda heile heradet, og vilkåra for gåande og syklistar må vektleggast særleg.

Voss Arbeidarparti vil:

- Arbeida aktivt for ny veg og jernbane, slik at K5 og opprusting av E16 mot Sogn, ma. med ny tunnel i Nærøysdalen, blir realisert.
- Rusta opp og vedlikehalda kommunale vegar, og arbeida for at Vestland fylke rustar opp Raundalsvegen og Hamlagrøvegen, samt gjennomfører trafikksikringstiltak i Ringheimsvegen.
- Rullera trafikksikringsplanen, og laga nye gang- og sykkelstiar, mellom anna mellom Voss sentrum og Granvin.
- Skaffa breiband og fiberkablar til alle i heradet.
- Arbeida aktivt opp mot fylkeskommunen for å styrka kollektivtilbodet.



Inkludering og integrering

- Voss skal vera ei bygd for alle

Det å kjenna seg utanfor, å ikkje bli rekna med eller å ikkje bli inkludert. Dette kan me alle oppleva i ulike livsfasar og samanhengar. Det kan dreia seg om mobbing, diskriminering, trakassering på arbeidsplassen, fattigdom, isolering og einsemd, og det kan dreia seg om at ein med nedsett funksjonsevne stadig opplever at «universell utforming» er eit tomt slagord. Det kan òg dreia seg om at rusproblem fører til isolasjon og utanforskap. Det er vår felles oppgåve å tilby hjelp og fellesskap å knyta seg til.

Krigen i Europa gjev oss nye utfordringar. Alle våre nye innbyggjarar har gjennom åra blitt ønskt velkomne, blitt forsøkt integrerte og inkluderte. Måten me no tar mot ukrainarar på flukt frå ein nådelaus angrepskrig, minner oss om verdien av fellesskap, at vi stiller opp for kvarandre.

Me vil at alle skal føle seg heime og inkluderte på Voss uansett alder, bakgrunn, legning, religion eller hudfarge. For å styrka arbeidet mot diskriminering og rasisme retta mot dei med minoritetsbakgrunn, vil me tilby kompetanseheevande tiltak for heradet sine eigne tilsette, samt tiltak knytt til heradet sitt arbeidsgjevaransvar.



13

Voss Arbeidarparti vil at:

- Menneske med nedsett funksjonsevne skal få tilbod om eigen bustad og deltaking i arbeidslivet.
- Ha aktivitetstilbod og bustader til innbyggjarar med rusrelaterte lidingar. Alle skal ha høve til å komma tilbake til samfunnet – uavhengig av økonomi, derfor vil me styrkja det offentlege tilbodet.
- Alle som flyttar til vår kommune skal få ei eiga «velkomstpakke», som informerer om kommunale tenester, kultur- og idrettstilbod.
- Heradet skal bruka «Friskus» som verktøy for aktivitetar, frivillig arbeid og inkludering.
- Innbyggjarmøte og andre former for dialog skal sikra at innbyggjarane kan påverka tenestene heradet leverer.
- Kommunen skal vera ein pådrivar for etablering av praksisplassar og eit godt koordinert inkluderingsarbeid.
- Tilpassa språkopplæring for arbeidsinnvandrarar og høve til språktrening for flyktningar og asylsøkjjarar skal prioriterast enno sterkare. Arbeid og tileigning av språk er sjølvne nøkkelen til vellukka integrering.

Våre kandidatar



1. Benedicte Kragh



2. Stein Helge Mandelid



3. Hilde Magnusson



4. Tommy Aarethun



5. May Røssland



6. Anders Gjeraker



7. Marit Wæhle




8. Asgeir Løno



9. Eli Stangeland



10. Kjell Hernes



11. Malin Borgevik




12. Rune Veka



13. Marianne Kvale



14. Aksel Gregersen




15. Graciella Iradukunda



16. Nemat Ahmadzai



17. Sølvi Helland Mortensen




18. Ahmad Sarhan Alazo



19. Ann Karin Atterås



20. Geirfinn Lysne



21. Hilde Kyte



22. Stig Arne Skilbrei



23. Solvor Dolve




24. Karl Knapskog



25. Ann Kristin Vedå



26. Kyrre Sudmann Mandelid



27. Danijela Komljenovic



28. Aud Helen Singstad



29. Anders Handal Nilsen



30. Anita Brekke



31. Jostein Finne



32. Gerd Mandelid



33. Daniel Neteland-Solstad



34. Inger-Johanne Seim

”Vi arbeider for et samfunn der menneskene skal ha mer frihet, større trygghet, mer likestilling, rikere livsutfoldelse. Vi mener at alle mennesker har likeverd, alle skal ha samme muligheter for utvikling og menneskelig livsutfoldelse.

Vi må få et samfunn der alle får langt større frihet til å innrette sitt liv etter egne ønsker, så lenge de ikke skader andre. Vi vil utvikle et reelt demokrati på alle livets områder, alle må få muligheter til å være med å bestemme over de forhold som er av betydning for dem.”

Trygve Bratteli, 1971

Sosialdemokratiet sitt verdigrunnlag

Fellesskap. Ei grunnfesta tru på den norske velferdsmodellen ligg til grunn for vårt politiske arbeid – både i lokalpolitikken og i arbeidet med å påverka sentrale styresmakter. Arbeidarpartiet vil – i riks-, fylkes- og lokalpolitikk – slå ring om fellesløysingar. Vi skal skapa for å dela, og vi skal dela betre for å skapa meir.

Skular, barnehagar, helse- og omsorgstenester kan best organiserast gjennom fellesskapet. Gode tilbod og tenester, felles møtestader der vi saman kan læra av kvarandre – dette vil me fremja gjennom vår praktiske politikk.

Fridom, likskap, rettferd og solidaritet er berebjelkane i det sosialdemokratiske verdigrunnlaget. Desse verdiane ligg til grunn for vår analyse av samfunnet og for utforminga av vår praktiske politikk. Arbeidarpartiet arbeider for ein rettferdig verden, i fred og økologisk balanse, der menneska er frie og likestilte og har innverknad på sine livsvilkår.

Ei utvikling verda kan tåla, eit arbeidsliv med plass til alle, rettferdig fordeling av velferd, eit samfunn av einskildmenneske som tek ansvar for kvarandre og som evnar å samarbeida om dei måla dei i fellesskap set seg – det er dette me arbeider for å realisera.

Rettferdig fordeling og trygging av velferdssamfunnet skjer mellom anna gjennom god kvalitet på kommunale tenester. Arbeidarpartiet vil ikkje privatisera offentleg sektor. Effektivisering og omstilling er nødvendig, men sentrale arbeidsoppgåver kan berre løysast av fellesskapet.

Ein invitasjon. Bli medlem av Voss Arbeidarparti! Di røyst tæl, og vert du medlem hjå oss gjev du tyngd til ein sosialdemokratisk politikk med vekt på fellesskapsløysingar og sosial rettferd. Då støttar du utviklinga av velferdssamfunnet heller enn eit marknadssamfunn. Alle kan delta i lokalpolitikken og påverka utviklinga. Dine meiningar, lokalkunnskapen, erfaringane og kompetansen du har, er verdfulle og viktige – gje dei eit forum der du blir høyrte og teken på alvor!

Dugnadsinnsats. Ta mot invitasjonen! Anten du vil verta ein aktiv eller meir passiv medlem, Voss Arbeidarparti er ein verkstad for utvikling av politikk som kan gje ei positiv utvikling i heradet. No vert framtida bygd. Me inviterer til dugnad. Dine synspunkt og innspel er alltid velkomne, så ta kontakt.

Benedicte Kragh

Ordførarkandidat
kraghbenedicte@gmail.com
Tlf.: 48246137

Karl Knapskog

Leiar Voss Ap
karl.knapskog@uib.no
Tlf.: 907 53 714



Voss Arbeidarparti



voss_ap

Heimeside: voss.arbeiderpartiet.no

E-post: Voss.Arbeidarparti@gmail.com

